

Munnspel kan brukast til så mangt

KULTUR: Laurdag 26. august var det konsert med tradisjonsmunnspel for dei som ville høyre på Martin Linge-huset i Valldal.



Alle som hadde vore med på kurset Tradisjonsmunnspel arrangerte i Valldal sist helg starta konserten på Martin Linge-huset med ein masurka.

Innhaldet i konserten var eit overskotsmateriell frå kurset som Tradmunnspel arrangerte frå fredag til og med søndag på Martin Linge-huset Valldal.

KULTURBERARAR

Organisasjonen held eit slikt kurs kvar år og i år altså i Valldal. Der kan dei som vil melde seg på, uansett om ein er nybyrjar eller vidarekomen. Gode instruktørar og kulturberarar med mykje og ulik kompetanse gjer at alle får lære noko nytt. Når dei er samla slik held dei årsmøte siste dagen.

Einar Eimhjellen ønskte velkomen. Han var med å starte Tradmunnspel i 2006, han har spelt munnspel i 70 år og starta med det då han 15 år. Styremedlem og kasserar Kjell Martin Rønning gav ein del praktisk informasjon og takka Sparebanken Møre og Gjensidige som hadde støtta dei og gjort det mogleg å halde denne gratiskonserten. Etter konserten skulle Nabolaget og Valldal spelemannslag spele opp til dans.

PÅ HOPPRENN I VALLDAL

Einar Eimhjellen fortalde at opphavet til organisasjonen var eit engasjement for å halde munnspeltradisjonen levande. Han var ein morosam kar og kunne fortelje at han hadde vore i Valldal ein gong det vart arrangert hopprenn der og han budde på Vatne. Bror hans hadde òg vore i Valldal og det på grunn av ein kjærast som bar namnet Døving, men det vart slutt kunne han fortelje. Og så gløymde han så mykje, og for å illustrere det fortalde han om mannen som hadde gått ned i kjellaren for å hente eit kvart til kona, noko



To trøndere spelte kjenslevart og dynamisk på toradar og munnspel. Salmen O store Gud var utruleg fin og publikum var med.

han hadde gløymt kva var. Så han ropte opp til kjerringa og spurde kva det var han skulle hente, då svarte kjerringa: Kva har du i kjellaren å gjere.

Så kom alle dei som hadde vore med på kurset og spelte ein masurka som fellesnummer. Etter det var det fleire ulike konstellasjonar som spelte mange ulike nummer. Dei synte godt at det var mykje musikk som kan spelast på munnspel. Knut Ståle Berge spelte «By By Love», to trønderar spelte toradar og munnspel. Heilt utruleg bra. Dynamisk og kjenslevart. Mange kunne vore nemnde, men du kom ikkje utanom Mareno Ruska som var ein kløppar på å spele tostemt og kompe seg sjølv. Han fekk sitt fyrste munnspel som fem-

åring. Det vart òg teke fram ei hardingfele. Dag Andersen frå Bodø spelte nokre lekke bluesul i G-dur og som synte variasjonen i mangfaldet.

MED DANS TIL SLUTT

Publikum kosa seg og då konserten var over var det kaffi, brus og kake og få kjøpt. Nabolaget tok til å spele opp til dans med det same dei fekk sjansen Dei synte speleglede og medan dei spelte, gjorde Valldal spelemannslag seg klare til å halde fram når dei var ferdige. Dans og god prat med kjekke folk til klokka elleve var det denne laurdagskvelden og dei hadde starta klokka sju.


☞ ALFRED NILSEN
alfred@storfjordnytt.no




Mareno Ruska var det fantastisk å høyre på. Han fekk sitt fyrste munnspel då han var fem år gammal. Han kunne fortelje at han ikkje har tal på alle dei gongane han hadde spelt opp til dans med munnspelet sitt.



Knut Ståle Berge er aktivt med i Tradmunnspel sin organisasjon og var på scena gjennom heile kvelden, med munnspel, trekkspel i Nabolaget og det same i Valldal spelemannslag.



Arne Sølberg frå Stryn tok fram hardingfela i tillegg til munnspelet.



Kjell Martin Rønning og Einar Eimhjellen.